

---

Saknr: 2020/37182-1  
Saksbehandlar: Stine Karoline Olsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

## Framlegg til skyssreglement for grunnskule og vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar skyssreglement for elevar i grunnskulen og skyssreglement for elevar i den vidaregåande skule slik det går fram av saka. Reglementa skal gjelde frå og med skuleåret 2020/2021.

### Samandrag

Skuleskyss er den daglege transporten mellom eleven sin heim og skule, og opplæringslova slår fast at fylkeskommunen har ansvar for gratis skuleskyss som blir innvilga på grunnlag av lang skuleveg, funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom. I Vestland fylkeskommune er Skyss/Kringom ansvarleg for skuleskyss og fattar vedtak om rett til gratis skuleskyss for Vestland fylkeskommune.

Fram til no har tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt kvar sine skyssreglement for elevar i grunnskulen og i vidaregåande skule. I samband med opprettinga av Vestland er det behov for samordna, felles skyssreglement for den nye fylkeskommunen og framlegg til reglement er lagt ved denne saka. Det er lagt opp til at nye reglement blir teke i bruk til handsaming av søknadar for skuleåret 2020/21, i løpet av mars månad.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør mobilitet og kollektiv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-1, og rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1. Reglane om gratis skuleskyss skal bidra til å sikre lik rett til grunnopplæring uavhengig av økonomisk bakgrunn, fysiske føresetnadar, bustad og geografi.

Skuleskyss er den daglege transporten mellom eleven sin heim og skule, og opplæringslova slår fast at fylkeskommunen har ansvar for gratis skuleskyss som blir innvilga på grunnlag av lang skuleveg, funksjonshemming, midlertidig skade eller sjukdom. I Vestland fylkeskommune er Skyss/Kringom ansvarleg for skuleskyss og fattar vedtak om rett til gratis skuleskyss for Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunane har eigne reglement som samlar dei viktigaste føringane for skuleskyssen som er gitt gjennom lovverk, forskrifter, rundskriv og andre vedtak, i tillegg til å fastsette rutinar og praksis for den enkelte fylkeskommune. Reglementa har som føremål å gjere det enklare for elevar, skular, kommunar og andre å orientere seg om reglane og administrative føresegner kring skuleskyssordninga i det enkelte fylket.

Fram til no har Hordaland og Sogn og Fjordane hatt kvar sine skyssreglement for elevar i grunnskulen og i vidaregåande skule. I samband med opprettinga av Vestland er det behov for samordna, felles skyssreglement for den nye fylkeskommunen og framlegg til reglement er lagt ved denne saka. Det er lagt opp til at nye reglement blir teke i bruk til handsaming av søknadar for skuleåret 2020/21, i løpet av mars månad.

Sidan skuleskyssen er regulert av ei rekkje lovverk, forskrifter og rundskriv er eksisterande reglement og praksisar for tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar relativt like. Det har derfor ikkje vore behov for større praksisendringar som følgje av samordning av nytt felles reglement.

Skyss/Kringom deltek i eit nasjonalt skuleskyssforum saman med dei andre fylkeskommunane, i regi av Kollektivtrafikkforeningen. Eit viktig føremål for forumet er å samordne praksisar og skyssreglement mellom fylkeskommunane. Dette har også vore fokus i arbeidet med samordning av nytt felles reglement for Vestland fylkeskommune. Det har også vore eit mål å tydeleggjere innhaldet for å gjere dette meir tilgjengeleg for lesaren, og å minimalisere risikoen for feiltolkingar. Det er av denne årsak gjort endringar i tekst og struktur fleire stader sett i høve til eksisterande reglement, men det er ikkje føretatt endringar som har konsekvensar for praktiseringa av regelverket kring skuleskyss.

### Om skuleskyss i Vestland fylkeskommune

I tidlegare Hordaland fylkeskommune har det blitt innvilga gratis skuleskyss for om lag 21 000 elevar årleg, der om lag 17 500 av desse er grunnskuleelevar og 3 500 av desse er vidaregåande elevar. I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har det blitt innvilga gratis skuleskyss for om lag 6 000 elevar årleg, der om lag 4 500 av desse er grunnskuleelevar og 1 500 av dei er elevar i vidaregåande skule.

Elevar som oppfyller vilkåra som er sett for gratis skuleskyss i opplæringslova søker Skyss/Kringom om dette, og vedtak om gratis skuleskyss er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Skuleskyssen blir utført med rutegåande kollektivtransport (inkl. buss, bybane, båt og ferje), med drosje (tilrettelagt skuleskyss) og som privat skyss med eige transportmiddel etter inngått avtale.

Fylkesmannen i Vestland har gitt dispensasjon til tidlegare Hordaland fylkeskommune om regelen til gratis skuleskyss som følgje av avstandskravet i opplæringslova i dei områda der det er eit tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida. For Vestland fylkeskommune gjeld dette Bergensområdet («ungdomsbillettområdet»). Dette inneber i praksis at elevar i den vidaregåande skolen i Bergensområdet som oppfyller avstandsvilkåret for skuleskyss som hovudregel ikkje får innvilga gratis skuleskyss og må kjøpe 30-dagars ungdomsbillett sjølv.

Om retten til skuleskyss

Retten til skuleskyss går fram av opplæringslova kapittel 7. Elevar i grunnskulen og i vidaregåande skule har rett til gratis skuleskyss dersom:

- Skulevegen er av ei viss lengde
- Det er trafikkfarleg veg (gjeld for elevar i grunnskulen)
- Eleven må reise med båt
- Eleven har ei funksjonshemming

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur fire kilometer eller meir frå skulen har rett til gratis skuleskyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skuleskyss utan omsyn til veglengda. Elevar i vidaregåande skule som bur seks kilometer eller meir frå skulen, har rett til gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjersle. Unnataket er elevar som bur innanfor «Ungdomsbillettsona» (Bergensområdet). Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skuleskyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Kostnader til skuleskyss

Fylkeskommunen si organiseringa av skuleskyssen skal ivareta elevane sine rettar, og dei om lag 27 000 elevane i fylket med rett til gratis skuleskyss skal bli frakta til skulen på ein trygg og god måte. Samtidig skal skuleskyssen gjennomførast innanfor økonomisk forsvarlege rammer. Dette inneber mellom anna at ein søker å samordne skuleskyssen med det ordinære rutegåande kollektivtilbodet der dette er mogleg, for å sikre eit tilbod for flest mogleg reisande og optimal utnytting av kollektivmidlane. Spesielt i distrikt utgjør skuleskyssen ein viktig del av rutetilbodet for alle reisande, og er i stor grad dimensjonerande for rutetilbodet og bussmateriellet i mange område i fylket.

Størsteparten av skuleskyssen utførast med rutegåande kollektivtransport. Elevar som anten ikkje har eit tilfredsstillande kollektivtilbod, eller som på grunn av dokumenterte medisinske årsaker ikkje kan reise med kollektivtransport, kan søke om tilrettelagt skuleskyss utført med drosje. Ofte er det lange reiseavstandar som er årsak til at elevar ikkje har eit tilfredsstillande kollektivtilbod, då reisa kan inkludere bytte og ventetid, noko som medfører ei lang total reisetid. I ein del tilfelle får også elevar innvilga tilrettelagt skuleskyss utført med drosje på strekninga mellom heim og haldeplass, såkalla «sidevegsskyss». Inneverande skuleår har om lag 3600 elevar fått innvilga tilrettelagt skuleskyss med drosje.

Fylkeskommunen sine kostnader til skuleskyss har vore aukande over fleire år, og auka kostnader til tilrettelagt skuleskyss utført med drosje er hovudårsak til dette. Kostnader til skuleskyss utført med drosje er vesentleg høgare enn det kostnadene er når skuleskyssen vert utført med rutegåande kollektivtransport. I tillegg er det berre elevar med innvilga tilrettelagt skuleskyss som kan reise med drosje, og transporten gjev ikkje eit ope tilbod for andre reisande.

I 2019 kostadar for tilrettelagt skuleskyss (utført med drosje) 193,1 millionar kroner i Hordaland og 19 millionar kroner i Sogn og Fjordane. Dei høge kostnadane skuldast både at andelen elevar med behov for tilrettelagt skuleskyss har auka og at det har vore ein generell kostnadsauke for drosjetransporten. Auka behov for tilrettelagt skuleskyss heng saman med at stadig fleire elevar får

lengre reiseavstandar. Årsaker til dette er mellom anna ei auke i tal elevar med delt bustad («adresse nr 2» kan ligge langt unna eleven sin skule), endringar i skulestruktur, kommunesamanslåingar, lokalisering av ulike studieretningar for vidaregåande skular og auka tal privatskular. Ein del av desse elevane vil også reise «motstraums» slik at det er utfordrande å oppnå ei akseptabel reisetid med rutegåande kollektivtransport.

Regelverket for skuleskyss gir føringar om at skuleskyssen skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen. Ved lange reiseavstandar kan dette vere utfordrande. Det er ikkje sett maksgrenser for akseptabel reisetid i regelverket som regulerer skuleskyssen, og elevar med lang avstand mellom heim og skule må rekne med lengre samla reisetid enn elevar med kortare reiseavstandar.

For å organisere ein skuleskyss som oppfyller elevane sine rettar etter Opplæringslova, men som samstundes er innanfor forsvarlege og samfunnsøkonomiske rammer, er det grunnleggjande at størsteparten av skuleskyssen må utførast med rutegåande kollektivtransport der dette er mogleg. Unnataket er når elevar har ein dokumentert helsetilstand som tilseier at eleven ikkje kan nytte kollektivtransport, eller elevar som bur slik til at dei ikkje har tilgang til ordinært kollektivtilbod. Det er derfor viktig å ha eit skyssreglement som legg til rette for ei søknadshandsaming i samsvar med dette.

#### Akseptabel reisetid og forsvarleg reise

Det er som nemnt ikkje sett maksgrenser for reisetid for skuleskyss i regelverket, men det går fram at reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderingar skal gangtid, ventetid og tid i transportmiddel bli sett i samanheng, og i tillegg skal eleven sin alder bli vektlagt.

I framlegg til skyssreglement for grunnskulen og for vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune er det lagt opp til at det som del av søknadshandsaminga må gjerast individuelle vurderingar knytt til kva som er akseptabel reisetid for kvar enkelt elev som søker. Mellom anna følgjande moment vil inngå i vurderinga:

- kvar eleven må vente (på skulen, ute, i venterom)
- kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
- rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen

I framlegg til skyssreglement for grunnskulen er det lagt opp til at ein som del av vurderinga skal leggje til grunn følgjande rettleiande rammer for samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) per veg :

- omlag 45 min for 1.-4. årstrinn
- omlag 60 min for 5.-7. årstrinn
- omlag 75 min for 8.-10. årstrinn

Dette er same rettleiande rammer som vert lagt til grunn i dei fleste andre fylkeskommunar sine skyssreglement.

I framlegg til skyssreglement for vidaregåande skule er det ikkje sett rettleiande rammer for reisetid, då det ofte er lengre reiseavstandar og fleire tilhøve som vil spele inn ved val av skule/tildeling av skuleplass, mellom anna kor ulike studieretningar er lokalisert i fylket. Det vil også kunne bli vektlagt om eleven har eit tilfredsstillande studietilbod nærmare heimen enn skulen eleven skal gå på. Det er derfor utfordrande å setje rettleiande rammer som er dekkande for variasjonen av tilfelle, og det er ikkje ein sams praksis på dette område mellom fylkeskommunane.

Sett i høve skyssreglementa frå Hordaland og Sogn og Fjordane, er det ikkje gjort endringar når det gjeld kva som skal leggest til grunn for å vurdere akseptabel reisetid og forsvarleg reise. Rettleiande

rammer for samla reisetid har likevel ikkje gått fram av eksisterande reglement for Hordaland fylkeskommune, men dei same rettleiande tidsrammene har vore praktisert i søknadshandsaminga.

#### Bussopplæring for 1. årstrinn

I tidlegare Sogn og Fjordane har det vore ei ordning der kommunane som ønskjer å organisere bussopplæring for 1. årstrinn har kunne søkje fylkeskommunen om refusjon for kostnader ved dette. Bussopplæringa må innebere at kommunen stiller med ein følgjeperson som skal lære borna sikker bussåtfærd og trafikktryggleik heilt frå starten den første skuleveka om hausten, dvs. 5 skuledagar. I tillegg kan det nyttast ein dag til planlegging. Ordninga må organiserast av kommunen, og er omtalt i Sogn og Fjordane sitt skyssreglement for grunnskulen.

I arbeidet med samordning av nytt reglement for Vestland fylkeskommune har ein vurdert dette som ei svært god og føremålstenleg ordning, slik at det er ønskjeleg å vidareføre den for Vestland. Ordninga vil kunne bidra til auka trafikkforståing og riktig åtfærd i trafikken for 1. klassingar som skal reise til og frå skulen for første gong.

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7: «Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.»

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Saka har ikkje direkte verknader for økonomi, men vil kunne påverke fylkeskommunen sine kostnader knytt til skuleskyss framover.

**Klima:** Saka har ingen direkte vesentleg verknad for klima.

**Folkehelse:** Saka kan ha noko verknad knytt til folkehelse ved å gje føringar for dagleg reisemåte for elevar til skulen.

**Regional planstrategi:** Saka har ingen direkte knyting til regional planstrategi.

#### Konklusjon

Skyssreglementa for Vestland er basert på Opplæringslova og Friskulelova samt andre forskrifter og rundskriv som regulerer retten til skuleskyss. Det er derfor ikkje større endringar frå tidlegare gjeldande reglement for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fylkesrådmannen ser dei framlagte skyssreglementa som eit godt grunnlag for å tilby god og føreseieleg skuleskyss til elevar som har rett på dette i Vestland. Skyssreglementet er viktig for rettvis handsaming av søknadene, og legg opp til rasjonell og økonomisk forsvarleg transport i tråd med regelverket.